



DEN NORSKE KYRKJA

## Påske i krisetider



Igjen kan vi feire påske med opne kyrkjedører for alle. Men igjen er det påske i krias teikn. Denne gongen i krigens mørke skugge, og med flyktningar frå Ukraina som kjem også til våre lokalmiljø.

Påske handlar på mange vis om krise. Det var ikkje nokon idyll den første påska. Det er som om Jesu ord til disiplane, på veg mot dei dramatiske påskedagane, er retta direkte til oss denne påska: «*Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg!*» (Joh 14,1).

No treng vi ord, bønner, salmar, musikk, lystenning og nattverdens gåver, ja, alt det som kyrkja har for å samle menneske om kjærleikens og håpets evangelium. Slik kan vi uttrykkje trassige teikn på vår tru på Gud i krisetider. Og kanskje invitere flyktningar til eit påskemåltid?

God påske!

*Preses Olav Fykse Tveit*



### Utlysing av prosjektmidlar

Kyrkerådet delar ut til saman drøyt ni millionar til prosjekt og utvikling i kyrkjelydar, fellesråd og organisasjonar. Berekraft, kultur, diakoni og born og unge er dei fire områda som det er midlar til. Første frist er allereie 2. mai.

[Les meir](#)



## Kyrkja i møte med flyktingar

Førre onsdag var det allmøte for alle kyrkjetilsette. Eitt av tema var kyrkja sitt møte med ukrainske flyktingar. – Av seksti ankomne flyktingar, var det rundt femti som kom til søndagsgudsteneste, fortalde kyrkjevevje i Ulstein sokn Christfried Kaul. Andre tema på allmøtet var kyrkjeleg organisering, påskekampanje og utlyste tilskotsmidlar.

[Sjå opptak av allmøtet her](#)



## Ressursar til kyrkja sitt møte med krigen i Ukraina

Kyrkja har ei viktig rolle som ein lansdekkjande samfunnsaktør når lokalsamfunn skal ta imot flyktingar frå Ukraina. I Ressursbanken er det samla ressursar til dette arbeidet. Sida vert oppdatert jamnleg, og det vil kome materiell på Ukrainsk.

[Les meir](#)




## Tid for å sende lokal konfirmantbrosjyre

No er det tid for å invitere nye ungdommar til konfirmasjon! Du finn brosjyremal og andre ressursar til fri bruk i kommunikasjonsarbeidet om kommunikasjon i Ressursbanken. Merk at det ikkje vert sendt ut nasjonal brosjyre, difor bør lokal utsending skje så tidleg som mogeleg.

[Les meir](#)

---

## Webinar og frukostmøte



### Kvifor velje dåp eller ikkje velje dåp?

07. april kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

## Diakoniens dag 2022 – konferanse

20. april kl 09.00-15.00: [Les meir og meld deg på konferansen her](#)

## Ortodoks påskefeiring, spiritualitet og splittelse

21. april kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

## Grøn dialog?

28. april kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

## Kurs i Microsoft 365

29. april, 18. mai og 19. mai: [Les meir og meld deg på her](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på [ressursbanken.no/webinar](https://ressursbanken.no/webinar)

---

## Fekk du med deg desse sakene?



### Bruk av avspelt musikk i gravferder

Det har jamnleg blitt etterlyst ei tydeleg avklaring på bruk av musikk i kyrkjelege gravferder. Eit nytt rundskriv uttrykkjer at ein alltid skal leggje til rette for levande musikk, men presiserer at det er høve til å bruke avspelt musikk under minneord-delen.

[Les meir her](#)



### Spørreundersøkelse om kristne migranter

Korleis blir kristne migrantar møtt av Den norske kyrkja? Det forskar VID vitenskapelige høyskole på, på oppdrag frå Kyrkjerådet. No gjennomførast ei landsdekkjande spørjeundersøking om temaet blant tilsette i Den norske kyrkja.

[Les meir her](#)



### Hvem er din neste kollega?

Det er vår og høgtid for å finne din neste kollega. Fristen for å søke høgare utdanning er 20. april. Dei neste vekene er direkte utfordring til unge og engasjerte avgjerande for morgondagens kyrkje.

[Les meir her](#)

---

## Aktuelle høyringar

### Regler for valg av menighetsråd og leke medlemmer til bispedømmeråd og Kirkemøtet (kirkevalgreglene), og tilhørende endringer i kirkeordningen

Høringsfrist 20. april 2022. [Les mer om høringen her](#).

### Regler for valg av sørsamisk representant til Nidaros bispedømmeråd og Kirkemøtet, og valg av Saemien Åålmegeeraerie (sørsamisk menighet)

Høringsfrist 20. april 2022. [Les mer om høringen her](#).

### Regler for valg av døvemenighetenes representant til Oslo bispedømmeråd og Kirkemøtet, og regler

**om døvekirkelige organer**

Høringsfrist 20. april 2022. [Les mer om høringen her.](#)

**Trosopplæringsutvalgets rapport Helhet, integrering og sammenheng i kirkelig undervisning og læring**

Høringsfrist 1. juni 2022. [Les mer om høringen her.](#)

---

Nyheitsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyheitsbrevet i dette skjemaet.](#)

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)



DEN NORSKE KYRKJA

---

[krpostmottak@kyrkja.no](mailto:krpostmottak@kyrkja.no)